

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag til nytt punkt 3:

- ”3. Vestlandsrådet henvender seg til Kunnskapsdepartementet og forlaga med forventning om at nynorske og framandspråklege lærebøker og spesialmateriell til syn- og hørslehemma vert klart til oppstart 2009.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Nyborg sitt tilleggssforslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Samarbeid mellom fylkeskommunane med tanke på å fremje nynorske læremiddel vert teke til drøfting.
2. Vestlandsrådet registrerer at det framleis er problem med å få lærebøker på vidaregåande skuler til rett tid. Dette gjeld spesielt knytt til læremiddel på begge målformer, spesielt innan små fag. Dette er ikkje akseptabelt og fylkeskommunane arbeider difor med sikte på å fremje nynorske læremiddel. Vi vil samstundes oppmode Regjeringa om å leggje til rette for dette, t.d. gjennom press mot bransjen og gjennom tilskotsordningar for lærebøker i smale fag på begge målformer.
3. Vestlandsrådet henvender seg til Kunnskapsdepartementet og forlaga med forventning om at nynorske og framandspråklege lærebøker og spesialmateriell til syn- og hørslehemma vert klart til oppstart 2009.